
Fra: Silje Nordal <sinor2000@gmail.com>
Sendt: søndag 21. mai 2017 20.29
Til: Eirik Bouwer Utne
Emne: Fwd: Mandat og arbeidsoppgåver for Arbeidsgruppe fritidsklubb - førespurnad til Meland Ungdomsråd

----- Forwarded message -----

From: Silje Nordal <sinor2000@gmail.com>
Date: søn. 21. mai 2017 kl. 5.53 pm
Subject: Re: Mandat og arbeidsoppgåver for Arbeidsgruppe fritidsklubb - førespurnad til Meland Ungdomsråd
To: joaradas@gmail.com <joaradas@gmail.com>, susosle02@gmail.com <susosle02@gmail.com>

"Ungdomsrådet ser ikkje eit behov for opprettelse av arbeidsgruppa, ettersom vi meiner den kjem til å få manglande arbeidsoppgåve. Ung Meland er starta opp, og vi meiner Ung Meland og andre organisasjonar som tilrettelegger fritidstilbod for ungdommar i kommunen kan oppretta samarbeid på eige initiativ uavhengig om det finnes ei slik arbeidsgruppe."

2017-05-20 14:09 GMT+02:00 Silje Nordal <sinor2000@gmail.com>:

----- Forwarded message -----

From: Eirik Bouwer Utne <Eirik.Utne@meland.kommune.no>
Date: fre. 19. mai 2017 kl. 11.10 pm
Subject: Mandat og arbeidsoppgåver for Arbeidsgruppe fritidsklubb - førespurnad til Meland Ungdomsråd
To: sinor2000@gmail.com <sinor2000@gmail.com>

Til leiar i Meland ungdomsråd.

I ULK-25/2017 vedtok ULK at ein skulle følgje opp arbeidet med arbeidsgruppe fritidsklubb. Det er ULK som har sett ned gruppa, som vil rapportere tilbake til Utvalet etter arbeidet er ferdig. Tenesteområde kultur vil stille med møtesekretærressurs, som vil kalle inn til møte og skrive referat.

Gruppa må få klargjort samansetjing, forventingar, mål og arbeidsoppgåver i forkant av deira første møte. Dette vil verte fremma som sak frå administrasjonen til kommande ULK-møte, den 30.5.2017. Mellom anna må ein sjå på kor mange representantar som skal stille frå *ungdomslaga, kyrkja* og tilsvarande frå *evt. andre samarbeidspartnarar*.

For Ungdomsrådet sin del, skal de stille med to representantar. Ein ønskjer derfor innspel om kva for samansetjing, forventingar, mål og arbeidsoppgåver Ungdomsrådet ser for seg og ønskjer arbeidsgruppa skal ha. De finn vedtaka knytt til saka under.

KS 140/2015

«...200.000 til fritidsklubb Frekhaug. Føresetnad, arbeidet må i all hovudsak skje i regi av friviljuge lag og organisasjonar...

...Kommunestyret vil ha eit ekstra fokus på oppvekstvilkår, og vil difor arbeida for å styrkja tenester for barn og unge. Rådmannen blir beden om å søkje om prosjektmidlar til tiltak knytt til dette - til dømes kommunepsykolog, ungdomskoordinator og liknande...»

UR 30/2016

«Ungdomsrådet ønskjer to representantar inn i ei eventuell arbeidsgruppe. Det vart halde val, og Susanne Slettebakken (Rossland ungdomsskule) og Jonas Askeland (Rossland ungdomsskule) var einstemmig valde»

ULK 41/2016

"Utval for levekår ber administrasjonen vurdere å bruka av dei avsette midlane til fritidsklubb (jamfør KS-sak 140/2015) for å tilsetja/engasjere ein prosjektkoordinator for å hjelpe til med oppstart av eit slikt tilbod. Utvalet ynskjer at det vert oppretta ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med dette. Arbeidsgruppa skal ha to representantar frå Ungdomsrådet, ein representant frå Utval for levekår og representantar for ungdomslaga, kyrkja og evt. andre samarbeidspartnarar. Representant for Utval for levekår er Stian Lavik (KrF) og Thomas H. Wallem (H) er vara."

ULK 52/2016

«Utval for levekår tek orienteringa til vitande.»

ULK 25/2017

«Utval for levekår tek orienteringa til vitande, og føreset at arbeidet med fritidsklubb vert arbeidd vidare med i tråd med vedtak i kommunestyret i sak 140/2015 og i ULK i sak 41/2016.»

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne

Tenestoområdeleiar kultur

Tlf: 56 17 10 59 / 10 00 Mob: 934 13 089

E-post: eirik.utne@meland.kommune.no

[Sjå brosjyren vår](#)

--

-Silje Nordal

--

-Silje Nordal

--

-Silje Nordal